

Steinbrua på Brekkestølen

tekst og bilete: Torstein O. Gilje


I gamal tid bruka folk helst ferdavegen Gilja-Veen når dei skulle til Brekkestølen eller Stakkvik. Denne vegen blir bruka i dag og. Den er no merka av Turistforeningen som ein del av turen Gilja Madland. I dag brukar nok dei fleste frå Gilja stien frå Giljahagen over Fårekammen.

Det var sauedriftene som byrja å bruka traseen opp Fårekammen, etter at dei slutta å driva ned Giljabrekkå, eller over Sveinusskaret og ned Skreeliå. For å kunne krysse Brekkebekken vår og haust då denne ofte var flaumstor, oppsto behovet for ei sikker bru.

Bestefar, Torstein Ommundson Gilje f. 1883, sto for arbeidet med brua. Far Ommund Torsteinson f. 1916 fortalte at han som liten gutt var med faren under arbeidet. Det skulle bety at brua vart bygd ein gong mellom 1920 og 1925.

Som bileta viser er brua bygd i stein. Steinen må ha lege ganske nær der brua ligg, kanskje i sjølve bekkefaret. Brua er i like god stand som då ho vart bygd og er eit vitnemål om det dei gamle fekk til med primitive hjelpemidler.

I dag renn vatnet i røyr og produserer straum, berre i periodar med mykje nedbør treng ein den gamle brua for å krysse bekken.







Brua på Brekkestølen er laga av «kilt» eller «splitta» stein. Dette var ein «kunst» og eit handtverk som hadde sine spesialistar. Farfar var ein av dei. Bileta under viser korleis ein gjekk fram for kløyve stein for å forme dei som her til eit høvelig brudekke.

